

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSVEDTAK nr. 292/97/EF**av 19. desember 1996****om vidareføring av nasjonal lovgjeving med omsyn til forbod mot bruk av visse tilsetjingsstoff i produksjonen av visse særskilde næringsmiddel(*)**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet, særleg artikkel 100 A,

med tilvising til rådsdirektiv 89/107/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om tilsetningsstoffer som kan anvendes i næringsmidler beregnet på konsum⁽¹⁾, særleg artikkel 3a,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽²⁾,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽³⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 B i traktaten⁽⁴⁾, og

ut frå desse synsmåtane:

Reglane om harmonisering på området tilsetjingsstoff bør ikkje verke inn på bruken av føresegner som galdt i medlemsstatane 1. januar 1992 om forbod mot bruk av visse tilsetjingsstoff i visse særskilde næringsmiddel som vert rekna som tradisjonelle, og som vert framstilte på territoriet til dei aktuelle medlemsstatane.

Lista over næringsmiddel som vert rekna som tradisjonelle, bør utarbeidast på grunnlag av meldingar som medlemsstatane har sendt over til Kommisjonen før 1. juli 1994. Det må likevel takast omsyn til meldingar som er sende over av dei nye medlemsstatane etter denne datoen.

Det overordna føremålet med dette vedtaket er ikkje å definere den tradisjonelle eigenarten til næringsmiddel. Tradisjonell eigenart kan ikkje definerast berre på grunnlag av eit forbod mot bruk av tilsetjingsstoff i desse næringsmidla.

Det må likevel takast omsyn til kor viktig det forbodet mot bruk av visse kategoriar tilsetjingsstoff i næringsmiddel som fanst i nasjonal lovgjeving 1. januar 1992, er for næringsmiddelproduksjonen i det store og heile. Særkjenna ved visse produksjonsmetodar bør haldast ved lag. Før det kan gjevast løyve til å halde ved lag forbodet mot bruk av visse kategoriar tilsetjingsstoff i næringsmiddel, bør det takast omsyn til god forretningsskikk når det gjeld desse næringsmidla, og til forbrukarinteressene.

Når ein medlemsstat ønskjer å peike ut eit produkt som tradisjonelt og halde ved lag den nasjonale lovgjevinga si for dette produktet, må dette ikkje røre ved føresegnene i forordning (EØF) nr. 2081/92⁽⁵⁾ og (EØF) nr. 2082/92⁽⁶⁾, høvesvis om opphavsnemningar og om attestasjon på særeigen kvalitet.

Direktiv 89/107/EØF og særordninga tillèt berre visse tilsetjingsstoff som ikkje er skadelege for folkehelsa. Vern av folkehelsa kan difor ikkje nyttast som grunnleggjeving for å forby bruken av visse særskilde næringsmiddel som vert rekna som tradisjonelle.

I prinsippet må eit forbod mot bruk av visse tilsetjingsstoff ikkje føre til skilnadshandsaming i høve til andre tilsetjingsstoff i den same kategorien som er nemnd i vedlegg I til direktiv 89/107/EØF, og må såleis ikkje skade harmoniseringa i Fællesskapet.

Av omsyn til klarleiken bør det fastleggjast kva forbod medlemsstatane kan halde ved lag mot bruk av visse kategoriar tilsetjingsstoff i visse kategoriar næringsmiddel ved unntak frå direktiv 89/107/EØF og frå særordninga 94/35/EF⁽⁷⁾, 94/36/EF⁽⁸⁾ og 95/2/EF⁽⁹⁾.

(*) Denne fællesskapsrettsakta, kunngjort i TEF L 48 av 19.2.1997, s. 13, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 4/2000 av 28. januar 2000 om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering), sjå denne utgåva av EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fællesskapa.

(1) TEF nr. L 40 av 11.2.1989, s. 27. Direktivet sist endra ved direktiv 94/34/EF (TEF nr. L 237 av 10.9.1994, s. 1).

(2) TEF nr. C 134 av 1.6.1995, s. 20, og TEF nr. C 186 av 26.6.1996, s. 7.

(3) TEF nr. C 301 av 13.11.1995, s. 43.

(4) Europaparlamentsfråsegn av 16. januar 1996 (TEF nr. C 32 av 5.2.1996, s. 21), felles haldning frå Rådet av 18. juni 1996 (TEF nr. C 315 av 24.10.1996, s. 4) og europaparlamentsavgjerd av 23. oktober 1996 (TEF nr. C 347 av 18.11.1996). Rådsavgjerd av 9. desember 1996.

(5) TEF nr. L 208 av 24.7.1992, s. 1. Forordninga endra ved tilmeldingsakta av 1994.

(6) TEF nr. L 208 av 24.7.1992, s. 9. Forordninga endra ved tilmeldingsakta av 1994.

(7) TEF nr. L 237 av 10.9.1994, s. 3.

(8) TEF nr. L 237 av 10.9.1994, s. 13.

(9) TEF nr. L 61 av 18.3.1995, s. 1.

Etableringsfridommen og det frie varebytet må ikkje skiplast, verken av løyvet til å halde ved lag den nasjonale lovgjevinga eller av eventuelle føresegnar om merking som gjer det mogleg å skilje desse produkta frå andre liknande næringsmiddel. I samsvar med føresegnene i traktaten bør difor den frie omsetnaden, marknadsføringa og produksjonen haldast ved lag i alle medlemsstatar av liknande næringsmiddel som vert rekna som tradisjonelle eller ikkje-tradisjonelle –

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I medhald av artikkel 3a i direktiv 89/107/EØF og på dei vilkåra som er fastsette der, får dei medlemsstatane som er oppførde i vedlegget, løyve til å halde ved lag i lovgjevinga si forbodet mot bruk av visse kategoriar tilsetjingsstoff i

produksjonen av dei næringsmidla som er oppførde i det nemnde vedlegget.

Dette vedtaket skal nyttast utan at det rører ved forordning (EØF) nr. 2081/92 og (EØF) nr. 2082/92.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 19. desember 1996.

For Europaparlamentet

K. HÄNSCH

President

For Rådet

S. BARRETT

Formann

VEDLEGG

**PRODUKT SOM DEI AKTUELLE MEDLEMSSTATANE KAN HALDE VED LAG
FORBODET FOR MOT BRUK AV VISSE KATEGORiar TILSETJINGSSTOFF**

Medlemsstatar	Næringsmiddel	Kategoriar tilsetjingsstoff som framleis kan vere forbodne
Tyskland	Tradisjonelt tysk øl («Bier nach deutschem Reinheitsgebot gebraut»)	Alle, bortsett frå drivgassar
Hellas	Fetaost	Alle
Frankrike	Tradisjonelt fransk brød	Alle
Frankrike	Tradisjonelle franske trøffelkonserver	Alle
Frankrike	Tradisjonelle franske snigelkonserver	Alle
Frankrike	Tradisjonelle franske kjøtkonserver av gås og and	Alle
Austerrike	Tradisjonell austerriksk «Bergkäse»	Alle, bortsett frå konserveringsmiddel
Finland	Tradisjonell finsk «mämmi»	Alle, bortsett frå konserveringsmiddel
Sverige Finland	Tradisjonelle svenske og finske fruktsafter	Fargestoff
Danmark	Tradisjonelle danske «kødboller»	Konserveringsmiddel og fargestoff
Danmark	Tradisjonell dansk «leverpostej»	Konserveringsmiddel (bortsett frå sorbinsyre) og fargestoff
Spania	Tradisjonell spansk «lomo embuchado»	Alle, bortsett frå konserveringsmiddel og antioksidantar
Italia	Tradisjonell italiensk «salame cacciatore»	Alle, bortsett frå konserveringsmiddel, antioksidantar, smaksforsterkarar og emballasjegass
Italia	Tradisjonell italiensk «mortadella»	Alle, bortsett frå konserveringsmiddel, antioksidantar, surleiksregulerande middel, smaksforsterkarar, stabilisatorar og emballasjegass
Italia	Tradisjonell italiensk «cotechino e zampone»	Alle, bortsett frå konserveringsmiddel, antioksidantar, surleiksregulerande middel, smaksforsterkarar, stabilisatorar og emballasjegass